

Møteinkalling

Utval: **Jostedalsbreen nasjonalparkstyre**

Møtestad: Hotel Alexandra, Loen

Dato: 26.10.2021

Tidspunkt: 09:00 – 12:00

Velkommen til det sjuande møtet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i 2021!

Møtet finn stad på Hotel Alexandra i Loen.

Eventuelt forfall må meldast snarast på til forvaltar Tor Arne på tlf 90 19 24 71.

Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Velkommen!

Venleg helsing

Marthe Gjerde og Tor Arne Hauge

Sekretariatet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre



Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 36/21	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 37/21	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 38/21	Framlegg til endeleg vedtak - Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark		2019/3131
ST 39/21	Delegerete saker		
DS 11/21	Delegerert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - Dispensasjon - landingsløyve helikopter ved klimastasjonen ved Flatbreen - NVE		2021/12816
ST 40/21	Orienterings- drøftings- og referatsaker <ol style="list-style-type: none">1. Status tiltak2. Bru i Austerdalen over Hogrenning3. Bru i Steindalen4. Nasjonalparkkart – status5. Møtedato neste styremøte6. Møtedato rådgjevande utval7. Mediesaker sidan sist		
RS 21/21	Skåla Opp 140821 - rapport		2019/16679
ST 41/21	Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til motbakkeløpet Skåla Opp 2022-2025		2021/12645

ST 36/21 Godkjenning av innkalling og dagsorden

**ST 37/21 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med
styreleiar**



Arkivsaksnr: 2019/3131-0

Sakshandsamar: Marthe Gjerde

Dato: 15.10.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	38/21	26.10.2021

Framlegg til endeleg vedtak - Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark

Innstilling frå forvaltar

Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark 2021-2027 vert vedteken slik den ligg føre, med følgjande endringar:

1. Oppdatering av figur 24 – kart over innfallsportane.
2. Nokre bilete og bilettekstar skal oppdaterast.
3.
4.

Vedteken besøksstrategi skal oversendast til Miljødirektoratet for endeleg godkjenning.

Besøksstrategien skal liggje til grunn for framtidig besøksforvaltning i Jostedalsbreen nasjonalpark. Dokumentet blir eit vedlegg til forvaltningsplanen, når den er ferdig revidert. Besøksstrategien skal reviderast med jamne mellomrom og tiltaksplanen skal rullerast kvart år.

Med besøksstrategien vedteken er det ei forventning frå nasjonalparkstyret at det vert tildelt midlar for gjennomføring av tiltak forankra i besøksstrategien.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark 2021-2027 – datert 20.10.2021
- Besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark. Høyringsutkast.
- Høyringsbrev, datert 17.06.21
- Samandrag innkomne merknader med kommentarar frå forvaltarane – 14.10.2021
- Samanslått dokument med høyringsinnspele frå 21 ulike aktørar.



Bakgrunn

Målet med besøksstrategien er å få til ein samla strategi for besøksforvaltninga i og rundt Jostedalsbreen nasjonalpark. Gjennom arbeidet skal ein sikre naturverdiar og kulturverdiar i verneområdet, samstundes som ein tek vare på og legg til rette for lokal verdiskaping og gode opplevingar for besøkande.

I arbeidet med besøksstrategien er det mellom anna sett på kva område i og rundt nasjonalparken som bør leggjast til rette for besøk, og korleis vi kan styre ferdsel utanom dei mest sårbare områda.

Nasjonalparkstyret vedtok i styremøte 01.06.21 å leggje utkast til besøksstrategi for Jostedalsbreen nasjonalpark ut på høyring. Høyringsperioden var i utgangspunktet frå 17. juni til 01. september. Høyringa vart kunngjort i lokalaviser, på nettet og det vart sendt ut høyringsbrev til mange aktuelle høyringspartar. Fleire høyringspartar ynskte utsett høyringsfrist. Dette gjaldt særleg kommunar som ville handsame besøksstrategien politisk. Det vart difor gjeve utsett frist inntil 01.10.2021.

Handsaming av innspela

Det er kome innspel/merknader frå 21 ulike aktørar i høyringsrunden. Alle innspela er samla i eit pdf-dokument som de finn på denne lenka

https://www.nasjonalparkstyre.no/uploads/files_jostedalsbreen/Innspel-til-hoiring-besøksstrategi-Jostedalsbreen-nasjonalpark-samanslatt-dokument-08.10.21.pdf .

Forvaltarane har laga eit samandrag der hovudinnhaldet i dei 21 innspela er forsøkt trekt ut og kommentert.

Følgjande tema går att i fleire av innspela:

1. Betre informasjonsskilting om naturverdiar, aktsemd knytt til ferdsel og husdyr, særleg bandtvang, og generell informasjon om ferdsel i natur.
2. Fysisk informasjonsmateriell bør ikkje vere av typen som lyt oppdaterast ofte. Digital informasjon er ynskt, gjerne i form av QR-kodar, dette er lettare å halde oppdatert.
3. Betre sanitære tilhøve, parkeringsmoglegheiter og informasjon ved fleire namngjevne innfallsportar.
4. Viktig å avklare kven som står som ansvarleg for drift og vedlikehald.
5. Betre tilgjenge for funksjonshemma, og viktig med tilrettelegging for barn og unge.
6. Ynskje om at stien til Kattanakken vert nemnt i besøksstrategien og at den vert tilrettelagt med sikring, skilting og utbetringar.
7. Meir fokus på skuldersesongar og vintersesongaktivitetar er ynskjeleg.
8. Besøksstrategien bør fokusere meir på å nå fram til lokalt busette, ikkje berre tilreisande langvegsfrå.
9. Viktig å betre spesifikke avkjørsler og syte for god skilting i dialog med fleire aktørar for tryggast mogleg trafikkavvikling.
10. Framlegg om fleire innfallsportar og endring av type innfallsport.



Mange av innspela frå høyringsrunden er no innarbeidd i eit oppdatert framlegg til besøksstrategi, datert 20.10.2021. Endringar frå høyringsutkastet er i skrive med raudt.

Det er ynskjeleg at nasjonalparkstyret går igjennom endringane som er føreslått innarbeidd i besøksstrategien og drøftar desse.

Her er nokre prinsipielle merknader som forvaltarane meiner bør løftast opp til diskusjon i nasjonalparkstyret:

Merknad:	Kommentar frå forvaltarane:
Briksdalsbre Fjellstove, Rune Myklebust, Oldedalen utviklingslag viser i sine merknader til at spesielt Kattanakken bør leggjast til som ein innfallsport, og fleire ynskjer sikring og tilrettelegging i samband med auka besøk og slitasje på stien.	Stien til Kattanakken bør omtalast i besøksstrategien som ein del av innfallsporten Briksdalen. Utkikksplass på Bredesvedene medfører store inngrep innafor vernegrensa og må håndsamast som ein dispensasjonssak.
Indre Nordfjord Turlag viser i sin merknad at dei ynskjer auka bruk av innfallsporten i Sunndalen og meir bruk av den historiske vandreruta over Kamperhamrane som ligg i rutenettet til DNT.	Stien over Kamperhamrane vart sett i stand i 2015, med midlar løyvd frå nasjonalparkstyret. Det vart gjeve løyve til opprusting og remering av den historiske ferdelsruta med vilkår om at villreinen som ligg under Breheimen nasjonalparkstyre sitt verneføremål ikkje skulle bli forstyrra. <i>Frå saksprotokoll ST 4/14, datert 07.04.2014:</i> «Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev løyve etter verneforskrifta si § IV, punkt 1.3, 4. strekpunkt til å remerke stien mellom Sunndalssetra i Stryn kommune i vest til fylkesgrensa og Breheimen nasjonalpark over Kamperhamrane i aust. Dersom Breheimen nasjonalparkstyre vurderer at tiltaket har negativ påverknad på villreinen i området om 5-10 år og ønskjer å revurdere om ruta framleis skal vere merka, vil Jostedalsbreen nasjonalparkstyre kunne trekke dette løynet tilbake.»



	sommarbeiteområde, Rauddalen. NINA rår i frå auka ferdsle av folk langs ruta mellom Sunndalen og Pollfoss.».
Villreinnemnda i Sogn og Fjordane viser i sin merknad til fleire stader der det er ikkje ynskjeleg med (meir) trafikk og ferdsel.	Kan nokre av innfallsportane som er i konflikt med villreininteresser takast bort? Eller kan nasjonalparkforvaltninga samarbeide med Villreinnemnda om betre informasjon på eksisterande innfallsportar og på nettet for å redusere konfliktar med villreininteresser? Villreinnemnda i Sogn og Fjordane bør nemnast som samarbeidsaktør på innfallsportar der det er kjente villreininteresser.
Luster kommune ynskjer å fremje Fåbergstølsgrandane som eit særskilt spektakulært område for besøk. Sti innover breelvesletta er ynskt oppgradert slik at fleire kan oppleve brearmane og nasjonalparken også her.	Fåbergstølsgrandane er eit særskilt verneverdig område, og inneholder store naturverdiar. I gjeldande forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark er Fåbergstølsgrandane markert som <i>spesiell vernesone</i> . Fåbergstølsgrandane er den største aktive breelvesletta på fastlands-Europa, og sær viktig å bevare i naturleg tilstand. Ein sti innover det levande breelvelandskapet med stadig skiftande løp vil vere utfordrande for stibyggarar og tilreisande, samt forstyrrende på dyrelivet der. Det er ikkje ynskjeleg med auka ferdsel i dette sårbarer området. Samstundes ser forvaltninga verdien av formidling av naturverdiane i området.
Det er av fleire peika på at besøksstrategien bør fokusere meir på barn og unge.	Er det innfallsportar som eignar seg særleg godt for tilrettelegging for barn og unge?
Det bør leggjast meir vekt på lokale og lokalt tilreisande ikkje berre dei som kjem langvegs frå.	Kanskje vi bør skilje betre mellom startpunkt mest tilrettelagt for lokale og startpunkt/informasjonspunkt mest tenkt for langvegsreisande/turistar?
Fleire har kome med merknad med ynskje om betre tilrettelegging for funksjonshemma.	Det kan vurderast om enkelte innfallsportar bør veljast ut betre tilrettelegging for funksjonshemma.

Forvaltarane tilrår elles nokre mindre oppdateringar i besøksstrategien, m.a.:

- Tidsperiode besøksstrategien skal gjelde for vert lagt inn som eige avsnitt under kapittel 1.1.
- Villvarding i Austerdalen, Luster, vert lagt til under kapittel 2.1.1 (siste avsnitt).



- Bilete/figurar (XX) har vorte oppdaterte og bytt ut med meir illustrative bilete/figurar, og bilettekst til figurar X og X er forsøkt gjort meir lettlesne?
- Utdjupande informasjon om husdyr og beiting lagt til under avsnitt X for å synleggjere at å halde kulturlandskap i hevd er del av verneføremålet. Oppsetjing av bandtvangskilt ved behov for å sikre at beitedyr ikkje blir uroa?

Vurdering

Besøksstrategien skal vere med og sikre gode nasjonalparkopplevelingar for dei besøkande og ivareta verneverdiane i og rundt nasjonalparken. For å få til dette er god infrastruktur og god informasjon viktig. Dette bidreg til å legge til rette for ei god kanalisering av dei store besøksmengdene inn mot område som toler det. Dette er òg gjennomgangstema i mange av dei innkomne merknadane.

Jostedalsbreen nasjonalpark har mange innfallsportar der det er trong for svært mange større og mindre tiltak. Det vil til ei kvar tid vere trong for prioritering av kva tiltak som skal gjennomførast. Det er i tiltaksplanen sett opp ynskt tid for gjennomføring av dei ulike tiltaka. Ein ser at ein del av desse er avhengig av eksterne private og offentlege aktørar, og at tid for gjennomføring kan bli forskyvd.

Gjennomføring av mange av tiltaka er avhengig av at det vert løyvd tiltaksmidlar frå Miljødirektoratet. Det bør vurderast om tiltaksplan med tidsplan for gjennomføring bør evaluerast og vurderast ved fyrste styremøte kvart år, slik at ein kan prioritera oppgåver ut frå tilgjengelege ressursar for det aktuelle året.

I den vedlagde oppsummeringa av innkomne høyringsinnspel er det gitt kommentarar om korleis forvaltarane tilråd å følgje opp dei einskilde innspela. Nokre vert teke til orientering medan andre er tilrådd innarbeid i spesifikke punkt i besøksstrategien. Forvaltarane vonar at dette kan gje grunnlag for gode diskusjonar i styret, og konkrete framlegg til justeringar i besøksstrategien. Forvaltarane vil ta med seg innspel frå nasjonalparkstyret og innarbeide endringar i besøksstrategien.

Før besøksstrategien vert sendt til Miljødirektoratet for endeleg godkjenning vil det bli gjort nokre mindre endringar i tekst, bilete og oppsett i besøksstrategien. Dette for å betre strukturen og gjere dokumentet meir lesarvenleg

Endringane er halde på eit lågt nivå og med berre mindre omarbeidinger i teksten, for å unngå at planen må sendast på ein ny runde med høyring og fagleg godkjenning i Miljødirektoratet. Om styret ynskjer ein meir omfattande omarbeiding av besøksstrategien føreslår forvaltarane at saka vert teke opp att på eit dialogmøte med fagleg rådgjevande utval seinare i 2021.

Forvaltarane føreslår også å leggje ved ei oversikt over saksgangen som vedlegg til besøksstrategien. Sjå forslag under:



Dato	Prosess	Part
2015	Oppdrag	Miljødirektoratet
02.12.2016	Melde oppstart	Nasjonalparkstyret
27.02.2017	Vedta prosjektplan	Nasjonalparkstyret
2017 - 2018	Brukundersøking	
2019 - 2020	Utarbeiding av planen	
23.04.2021	Fagleg godkjenning	Miljødirektoratet
01.06.2021	Vedta høyring	Nasjonalparkstyret
17.06 - 01.09.2021	Høyring	
	Endeleg vedtak	Nasjonalparkstyret
	Godkjenning	Miljødirektoratet

Besøksstrategien vert lagt fram til vurdering ogendeleg vedtak i nasjonalparkstyret.

Vedtaket markerer sluttføring av eit arbeid som formelt starta opp med vedtak i styret i desember 2016. Besøksstrategien skal ligge til grunn for framtidig besøksforvaltning i Jostedalsbreen nasjonalpark. Dokumentet blir eit vedlegg til forvaltningsplanen, når den er ferdig revidert. Besøksstrategien skal reviderast med jamne mellomrom og tiltaksplanen kvart år. Besøksstrategien slik den ligg føre skal vere gjeldande for perioden 2021 til og med 2027.

ST 39/21 Delegerte saker



Arkivsaksnr: 2021/12816-0

Sakshandsamar: Marthe Gjerde

Dato: 13.09.2021

Utval	Delegeringssak (DS)
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	

Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - Dispensasjon - landingsløyve helikopter ved klimastasjonen ved Flatbreen - NVE

Delegert vedtak

I samsvar med delegeringsfullmakt datert 14.03.2016 vedtek nasjonalparkforvaltaren, med heimel i punkt 4.3, tredje strekpunkt, i verneforskrifta, å gje løyve til å nytte helikopter til lågtflyging og landing ved klimastasjonen ved Flatbreen. Løyvet gjeld for ein dag i perioden 15. september til 30. november 2021.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld bruk av helikopter til lågtflyging og landing ein dag i perioden mellom 15. september 2021 til 30. november 2021, i samband med frakt av teknisk utstyr til klimastasjonen.
2. I den grad det let seg gjere, skal landinga vere på ein stad der faren for terrengskade vert minst mogleg.
3. Løyvet dekkjer totalt to landingar; ei landing for å frakte utstyr opp, og ei landing for å frakte utstyr ned att.
4. Den motoriserte ferdsla skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og føre til minst mogleg uro. NVE skal rydde opp etter eigne aktivitetar, slik at det ikkje ligg avfall, emballasje eller anna att i terrenget.
5. Statens naturoppsyn (tlf. 95963888) skal varslast per SMS eller telefon før flyging tek til.
6. Det vert gjeve skriftleg tilbakemelding til Jostedalsbreen nasjonalparkstyre etter flyginga om utført oppdrag.

Løyvet gjeld berre i medhald av verneforskrifta og søker må hente inn eventuelt løyve etter motorferdselslova frå Sogndal kommune og frå grunneigar.



Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad frå NVE v/ Ronny Løland sendt på e-post, datert 8.9.2021
- Verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Delegert vedtak – løyve til helikopterlandning ved klimastasjonen ved Flatbreen, datert 22.09.2016

Søknaden:

Søknaden er sendt på e-post den 8. september 2021 og signert NVE v/ Ronny Løland. Søknaden frå Norges vassdrags- og energidirektorat (heretter berre kalla NVE) gjeld klimastasjonen som står på endemorena til Flatbreen som for tida ute av drift og treng oppgradering. Sidan utstyret som skal bytast ut er stort og tungt er helikoptertransport mest eigna. NVE ønskjer 1 dag flyging med ei levering og ei uthenting, og har søkt ein brei løyveperiode slik at ein kan ta høgde for varierande ver. På nettsida <https://sildre.nve.no/map?x=63923&y=6843209&zoom=12&stationId=78.19.0> er datagrunnlaget tilgjengeleg for ålmenta, kartfiguren under frå nettsida syner plassering av klimastasjonen i terrenget.





Lovgrunnlag:

Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

Motorferdsle er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Det er likevel opning i dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (§ IV, pkt. 4.3, tredje strekpunkt) for at det kan gjevast dispensasjon for motorferdsle i samband med vitskaplege granskinger etter oppdrag frå granskingsinstitusjon.

Fylgjande skal leggjast til grunn for vurdering av søknaden: *Før eventuelt løyve vert gjeve skal trangen for transport vurderast mot mogelege skadar og ulemper og i høve mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal og vurderast.*

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har i utvalssak 05/2016 delegert mynde til nasjonalparkforvaltar til å treffe vedtak i saker som gjeld løyver etter den spesifiserte dispensasjonsheimelen i verneforskrifta § IV, pkt. 4.3.

I tråd med naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Fråværet av motorferdsel og motorstøy er ein viktig kvalitet i nasjonalparken. Sjølv om det samla sett er lite motorisert ferdsl i Jostedalsbreen nasjonalpark, er det av omsyn til verneføremålet viktig å avgrense ferdsla til det som er strengt naudsynt. Eit av hovudføremåla med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.

NVE sine undersøkingar gjeld klima- og verrelaterte undersøkingar. Målingane har stor vitskapleg interesse, m.a. i internasjonal samanheng. Forvalningsstyresmakta har også nytte av resultata frå NVE sine undersøkingar. Det er tidlegare gjeve delegert landingsløyve for helikopter ved frakt av utstyr til klimastasjonen framfor Flatbreen for same årsak i 2016. Då, som no, var klimastasjonen ute av drift. Klimastasjonen er eit samarbeidsprosjekt mellom NVE og Norsk Bremuseum i Fjærland. NVE har i fleire omgangar hatt fleirårige løyve til motorferdsel i nasjonalparken, då i samband med årlege snømålinger fleire stader på breen. Nasjonalparkstyret har vore godt nøgd med samarbeidet og måten løyvet har blitt fylgt opp, m.a. ved at kunnskap med bakgrunn i NVE sine undersøkingar vert stilt til rådvelde for ålmenta og forvalningsstyresmakta. Forskingsarbeidet til NVE er også vurdert som viktig i forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark.



Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal ligge til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg mynde. Tiltaket vil isolert sett ha liten effekt på natur- og kulturlandskapet. Den motoriserte ferdsla kan påverke friluftslivet i området, men nasjonalparkforvaltaren meiner det kan setjast vilkår for eit eventuelt løyve som reduserer den avgrensa påverknaden. Det er vilkår i løyvet om å ikkje skade moreneryggen der klimastasjonen er sett opp.

Nasjonalparkforvaltaren legg vidare til grunn at tiltaket i liten grad vil påverke trua, nær trua eller verdifullt naturmangfald som er omfatta av verneføremålet, og at kunnskapen som ligg til grunn for behandling av søknaden er i samsvar med krava i naturmangfaldlova § 8.

Naturbase og Artskart syner ingen sårbare førekommstar i landingsområdet og vi er seint på sommaren, godt etter hekke- og yngletid for dyrelivet.

Forvaltar meiner vidare at samla belastning av tiltaket (§ 10), eksisterande tiltak og moglege framtidige tiltak er akseptabel. Det er noko flyging av proviant til Flatbrehytta, men det er avgrensa.

Etter nasjonalparkforvaltaren si oppfatning ligg det føre tilstrekkeleg kunnskap om naturmangfaldet og kva effektar tiltaket vil ha på dette mangfaldet. Føre-var-prinsippet får difor lite vekt i saka, jf. naturmangfaldlova § 9, ei heller § 11. Det er ikkje alternative driftsmetodar for å få opp tyngre teknisk utstyr til klimastasjonen enn å fly det opp med helikopter (§12).

Av omsyn til folk som ferdast i området, bør det setjast vilkår om at den motoriserte ferdsla skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og føre til minst mogleg uro. NVE bør unngå motorisert ferdsel i helgene. Med vilkåra over vurderer nasjonalparkforvaltaren tiltaka isolert sett til ikkje å vere i strid med verneføremålet.

ST 40/21 Orienterings- drøftings- og referatsaker

RS 21/21 Skåla Opp 140821 - rapport



Arkivsaksnr: 2021/12645-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 21.10.2021

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	41/21	26.10.2021

Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til motbakkeløpet Skåla Opp 2022-2025

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i naturmangfaldlova sin § 48 gjev Jostedalsbreen nasjonalparkstyre løyve til vidareføring av idrettsarrangementet Skåla Opp frå og med 2022 til og med 2025 på følgjande vilkår:

1. Maksimalt tal deltagarar i konkurransklassen skal ikkje overstige 800 deltagarar.
2. Deltagarane skal følge den tilrettelagde stien. Arrangøren gjev tydeleg informasjon til deltagarane om dette, og legg til rette med ei startordning som sikrar at det ikkje vert starta fleire samtidig enn at deltagarane kan halde seg på stien. For å hindre unødig terrengslitasje er det ikkje lov å bruke sko med metallpiggar eller stavar.
3. Deltagarane skal på førehand bli informert om at løpet går i Jostedalsbreen nasjonalpark og kva reglar som gjeld, mellom anna for forsøpling. Arrangøren er ansvarleg for at forsøpling ikkje skjer. Etter at arrangementet er gjennomført, skal stien/traseen bli gått over same dag og eventuelt søppel fjernast.
4. Reklame skal ikkje plasserast inne i nasjonalparken. Eventuell speakerteneste i målområdet skal avgrensast til nødvendig informasjon om løpet. Lydnivået bør vere lågt for å unngå unødig støy.
5. Fire landingar (4) med helikopter innanfor nasjonalparksgrensa i løpet av dei fem vekedagane før arrangementet og fire landingar (4) i løpet av dei fem vekedagane etter arrangementet. Føremålet for transporten er å frakte vatn og naudsynt utstyr for gjennomføring av løpet. Løyvet gjeld ikkje helgedagar. Maksimalt ei (1) av landingane før arrangementet og ei (1) etter kan vere frakt av personell.
6. Det skal skrivast ein årleg rapport som sendast til nasjonalparkforvaltninga v/sekretariatet innan 15. september. Rapporten skal skildre gjennomføringa av



arrangementet, og i tillegg tal deltagarar, frivillige, tidspunkt for helikopterferdsla, korleis arrangøren ser til at alle følgjer stien, samt annan relevant informasjon. Når rapporten er godkjent og eventuell ytterlegare informasjon er innhenta om terrenget og stien, kan neste års påmelding bli opna.

7. Stien skal vere i like god stand som før løpet, og eventuelt lause trappetrinn og steinar skal reparerast innan to veker etter arrangementet. Nasjonalparkstyret kan endre og/eller gje pålegg om andre vilkår dersom det er nødvendig av omsyn til sti, natur og miljø, jf. naturmangfaldlovas §§ 9-11.

I og med at Bergen og Hordaland turlag eig Skålataånet går vi ut i frå at arrangøren og turlaget har dialog om bruken av bygningsmassen og samkøyring av transport i samband med arrangementet. Det same gjeld grunneigarane som har eigedom der løpet passerer. Vi sender difor kopi av løyvet til Bergen og Hordaland turlag og til grunneigarane.



Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad om løyve til å arrangere motbakkeløpet Skåla Opp i 2022-2025
- Styresak 29/17 – Løyve til motbakkeløpet Skåla Opp 2018-2021
- Styresak 4/18 – Endra vilkår etter klage – løyve til motbakkeløp Skåla Opp
- SNO sin rapport Skålastien/Skåla Opp 2019
- Notat Skålastien 2021 - SNO
- Rapport frå Skåla Opp 2021
- Rapport frå Skåla Opp 2019
- Rapport frå Skåla Opp 2018
- Verneforskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark
- Naturmangfaldlova (nml)

Søknaden

Nasjonalparkstyret har 6.september motteke søknad om løyve til å arrangere motbakkeløpet Skåla Opp dei neste fire åra, 2022-2025. Søknaden er datert 25.august 2021 og er underteikna av Erik Brendefur for Hotel Alexandra og Loen Active.

Datoen det er søkt om for 2022 er 13.august, dei komande åra vil det vanlegvis vere siste helga før skulestart. Raude Kross Olden hjelpekorps, Bergen og Hordaland Turlag, grunneigarar og andre frivillige frå Loen og bygdene rundt er viktige samarbeidspartar. Opp i mot 150 personar vil delta i funksjonærstabben i samband med løpet.

Søkjar håpar og reknar med eit årleg deltakartal på mellom 800 og 1500 deltakarar inkludert mosjonistar. Dei ønskjer å halde det maksimale deltakartalet på 800 konkurranseløparar.

Søkjarane ynskjer å halde fram og arrangere Skåla Opp på same måte som tidlegare år, med start utanfor nasjonalparken ved Tyva i Loen, og med mål ved Skålåtårnet turisthytte 1843 moh. Nasjonalparkgrensa går ved Sjinglebrua, like nedanfor tregrensa. Området løpet går i er, i eksisterande forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark, definert som *brukssone*.

Mykje utstyr trengst for å gjennomføre arrangementet, m.a. eit par aggregat, tidtakningsutstyr, 600 liter vatn, deltakarmedaljer, sikringsnett, oppmerkingsutstyr som målsegl etc. Dette er så omfattande at det må fraktast med helikopter. I tillegg til løyve til å arrangere idrettsarrangementet, vert det difor søkt om løyve til å frakte opp utstyr med helikopter veka før arrangementet og ned igjen veka etter. Det vert søkt om totalt 4-5 landingar i løpet av veka før løpet, samt tilsvarande helikoptertransport i løpet av veka etter løpet.

Det vert søkt om 1 tur med mannskap og 3 til 4 turar med utstyr opp før arrangementet og tilsvarande ned att etter arrangementet.

Søkjar har i telefon nemnt at dei ynskjer å opne for påmelding til Skåla Opp 2022 i midten av november 2021, og vonar difor på rask handsaming av søknaden.

Bakgrunn

Motbakkeløpet Skåla Opp er eit motbakkeløp som er blitt arrangert sidan 2002. Skåla Opp må ha dispensasjon frå verneforskrifta for å gjennomføre arrangementet. Idrettsarrangement



er ikkje lov i Jostedalsbreen nasjonalpark i følgje verneforskrifta, men nasjonalparkstyret har i fleire år gjeve løyve til arrangementet etter den generelle dispensasjonsheimelen

Motbakkeløpet Skåla Opp har tidlegare fått løyve frå Jostedalsbreen nasjonalparkstyre for periodane 2014-2017 og 2018-2021, samt frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane for åra 2009-2013, 2006-2009 og 2002-2005.

I perioden 2009-2013 vart øvre grense for tal deltakarar i konkurransklassa auka i fleire omgangar, frå 600 (2009) til til 700 (2010) og til 800 (2011).

Det har dei siste åra vore ein nedgang i deltakartalet år for år frå nær 1935 i 2014 til 572 i koronaåret 2021.

Under er ei oversikt over tal deltakarar som har fullført motbakkeløpet sidan 2002:

2021: Konkurransekasse (328 deltakarar) og mosjon (244 deltakarar), totalt 572 fullførande
2019: Konkurransekasse (403 deltakarar) og mosjon (416 deltakarar), totalt 819 fullførande
2018: Konkurransekasse (604 deltakarar) og mosjon (455 deltakarar), totalt 1059 fullførande
2017: Konkurransekasse (680 deltakarar) og mosjon (621 deltakarar), totalt 1301 fullførande
2016: Konkurransekasse (605 delt.), BMI (1 delt.), mosjon (623 delt.) totalt 1229 fullførande
2015: Konkurransekasse (756 delt.), BMI (3 delt.), mosjon (961 delt.) totalt 1720 fullførande
2014: Konkurransekasse (785 deltakarar), mosjon (1150 deltakarar) - totalt 1935 fullførande
2013: Konkurransekasse (732 deltakarar), mosjon (1074 deltakarar) - totalt 1806 fullførande
2012: Konkurransekasse (720 deltakarar), mosjon (1060 deltakarar) - totalt 1780 fullførande
2011: Konkurransekasse (627 deltakarar), mosjon (1087 deltakarar) - totalt 1714 fullførande
2010: Konkurransekasse (669 deltakarar) mosjon (1061 deltakarar) - totalt 1730 fullførande
2009: Konkurransekasse (600 deltakarar), mosjon (920 deltakarar) - totalt 1520 fullførande
2008: Konkurransekasse (544 deltakarar), mosjon (937 deltakarar) - totalt 1481 fullførande
2007: Konkurransekasse (525 deltakarar), mosjon (645 deltakarar) - totalt 1170 fullførande
2006: Konkurransekasse (514 deltakarar), mosjon (766 deltakarar) - totalt 1280 fullførande
2005: Konkurransekasse (446 deltakarar), mosjon (574 deltakarar) - totalt 1020 fullførande
2004: Konkurransekasse (427 deltakarar), mosjon (482 deltakarar) - totalt 909 fullførande
2003: Konkurransekasse (297 deltakarar), mosjon (393 deltakarar) - totalt 690 fullførande
2002: Konkurransekasse (147 deltakarar) mosjon (213 deltakarar) - totalt 360 fullførande

Talet besökande på Skålastien er registrert med ferdselsteljar nokre år. Truleg besøkjer meir enn 10-12 tusen turgårar Skålastien eit normalår. Det varierer noko med snø og værtihøva dei enkelte åra, men tal besökande har vore aukande.

Skåla Opp har no vorte gjennomført 19 gonger, og 2022 vil verte det 20. arrangementet, og må då seiast å vere eit veletablert arrangement. Løpet er truleg det største av sitt slag i norske nasjonalparkar, sjølv om deltakartalet har gått noko ned dei siste åra. I 2020 vart løpet avlyst grunna koronasituasjonen. Det har blitt arrangert motbakkeløp i Jotunheimen, Breheimen, og andre verneområde også, men då i mindre skala, og styra der har gitt avslag i bruk av motorisert ferdsel for frakt av utstyr.

Fylkesmannen har tidlegare gitt løyve til landing med helikopter i samband med arrangementet med heimel i verneforskrifta pkt. IV, 4.3, og gav løyve til ei (1) landing før og ei (1) landing etter løpet noko også nasjonalparkstyret gav løyve til for perioden 2013-2017. I



2018, i samband med handsaming av klage på løyve, vart det klart at tal faktiske helikopterturar hadde vore høgare enn løyva tilsa. Dette vart forklart med mistydingar av løyva som var gjeve. Det vart då teke ein grundig gjennomgang av behovet for flyging i samband med Skåla Opp arrangementa, og vurdering av dette opp i mot verneføremål og eventuell påverknad av verneverdiane. Klagen vart delvis teken til fylge, og løyvet til helikopterturar vart auka med to (2) før og to (2) etter arrangementet, slik at samla tal turar før og etter vart åtte (8), fire (4) før og fire (4) etter arrangementet. Nasjonalparkstyret har heimla motorferdsleløyva i naturmangfaldlova si § 48.

Andre motbakkeløp i verna område, t.d. Besseggeløpet og på Sjunkhatten har ikkje løyve til motorferdsel, med mindre det er naudsynt av medisinske årsakar.

Om lag 4,2 millionar kroner har, via bestillingsdialogen, vore brukt på steinlegging av stien for å kunne tolle mange menneske utan å slite for mykje på terrenget. Stien opp til Skåla har, også på regionalt og nasjonalt plan, blitt eit godt kjent tilretteleggingstiltak for friluftsliv i verna område.

SNO var i 2019 med under arrangementet. Dette året var det 819 fullførande deltakarar. Det var regn og kaldt ver. Tilbakemeldinga frå SNO er at arrangementet gjekk fint føre seg. Løypa var godt merka slik at deltakarane held seg til stien og finn lett fram. Etter løpet vart alt søppel fjerna frå løypa. Arrangørane samarbeidde med turlaget slik at Skåla Opp tok med søppel frå Skålabu når helikopteret fauk returlast. Konklusjonen frå SNO er at stien til Skåla toler arrangementet Skåla Opp. Men det vert samstundes peika på at Skålastien treng tilsyn og vøling på fleire parsellar. SNO gjekk i 2021 over stien parsell for parsell og kommenterte tilstand og trøng for vedlikehald/vøling.

Regelverket

I verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark heiter det at "*idrettsarrangement og jaktprøver i nasjonalparken er forbode*" (verneforskrifta pkt. IV, 6.1, 2. avsnitt). Det er ingen heimel i verneforskrifta for dispensasjon for idrettsarrangement. Tidlegare løyve frå Fylkesmannen har vore heimla i verneforskrifta punkt IV, som no er erstatta av naturmangfaldlova si § 48, og skal handsamast som ein generell dispensasjonssak frå vernevedtaket.

Formålet med Jostedalsbreen nasjonalpark er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekommstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom naturoppleving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap (verneforskrifta pkt. III)

I nasjonalparken er motorferdsel, også landing med luftfartøy forbode (verneforskrifta pkt. III, 4.1). Dropp av utstyr med langline vert definert som motorferdsle i nasjonalparken. I tråd med naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Søknaden må handsamast etter § 48 i naturmangfaldlova som erstattar pkt. VI i



verneforskrifta, og både idrettsarrangementet og motorferdsla er heimla der.

I naturmangfoldlova § 48 står det at «*forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et verneverd tak dersom det ikke strider mot verneverdakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig. (...) I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.*»

Vurdering

Søknaden vert vurdert etter:

- Forskrift for Jostedalsbreen nasjonalpark punkt III og IV
- Naturmangfoldlova §§ 7, 8, 9, 10, 11, 12 og § 48.
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark.

Den prinsipielle vurderinga i høve til idrettsarrangement i nasjonalparken vart teke då Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gav det første løyvet i 2002, og vil ikkje bli revurdert. Vurderinga vil derfor i hovudsak gå på kva effektar vidareføringa av dispensasjonen har for verneverdiene nemnt i føremålsparagrafen i verneforskrifta (kap 3).

Forvaltar vurderer løpet til å ikkje gå ut over naturmangfaldet så lenge alle deltagarane følgjer den steinlagde stien (verneføremålet, 1. strekpunkt.). Den prinsipielle avgjerdta om å gje løyve for helikopter til frakt av materiell vart også teken av Fylkesmannen, sjølv om nyare motbakkeløp har fått avslag i sine ønskje om dette.

Omsynet til andre friluftsutøvarar (verneføremålet, 2. strekpunkt) er meir usikkert. Dersom nokon kjem til området den aktuelle løpsdagen for å gå tur, oppleve stillheit og ro i nasjonalparken, vil dei truleg bli overraska. Men sidan motbakkeløpet har vore arrangert sidan 2002, er i alle fall lokalbefolkninga godt kjent med arrangementet og vil kunne finne ro og naturoppleveling andre plassar i nasjonalparken enn akkurat der den dagen. Det er meir usikkert korleis regionale/nasjonale/internasjonale nasjonalparkbesökande, som ikkje veit om arrangementet på førehand, vil reagere. Resultata frå brukarundersøkinga, som vart gjennomført i Jostedalsbreen nasjonalpark i 1997, viser at innfallsporten Tjugen – Skåla hadde større del norske tilreisande (60%) enn nokon av dei andre undersøkte innfallsportane. Det var og innfallsporten med størst del *låg puristar* (75%). Det kan difor argumenterast for at Skålastien kan vere den av dei undersøkte innfallsportane der minst andel av dei besökande vil reagere negativt på at eit motbakkeløp vert arrangert.

Det har vore sett vilkår i tidlegare løyve om at alle merkeband, søppel og andre spor av løpet skal fjernast same dag som løpet er ferdig. Erfaringa med oppfyllinga av dette vilkåret har vore vekslande. Enkelte år har merkestaker, plastband, med meir låg att lenge etter løpet. I eitt tilfelle var det gøynt mange stenger og band på to-tre ulike stader i fjellet. Etter dei siste tre arrangementa ser det ut til at oppryddinga har betra seg mykje, noko som er avgjerande for at arrangementet skal få halde fram. SNO har i rapport frå 2019 påpeikt at den årlege ryddinga langs stien etter Skåla Opp er med å redusere det generelle problemet med søppel som samlar langs den mykje brukte Skålastien.

Løyet opnar også for å kunne revurdere tal deltagarar dersom påverknaden blir for stor (§ 11). Med vilkår og tett dialog vurderer forvaltar at påverknaden motbakkeløpet har



på «utøving av tradisjonelt friluftsliv» har liten nemneverdig konsekvens for verneføremålet sitt 2. strekpunkt *utover* dagen løpet vert arrangert.

Kor mange løparar terrenget toler er eit vanskeleg skjønsspørsmål, jf verneføremålet 1. strekpunkt. Det kan vere avhengig av kva slags vêr som er dominante på løpsdagen; med regn vil terrenget tolle langt færre løparar enn ved opphaldsvêr, og det vert enno viktigare at løparane følgjer den steinlagde stien og ikkje trakkar på vegetasjonen ved sida av stien. Erfaringa frå løpet i 2019, då det var vått i veret, er at med god merking av løypa og god informasjon så held løparane seg til stien. At Skålastien er sliten og treng vedlikehald/vøling fleire stader har mest det store og aukande besøket til Skåla i heile tursesongen.

Naturmangfaldlova sin § 11 (*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*) gjev heimel for å krevje medverknad ved eventuelt behov for reparasjon av terrengekader som følgjer av arrangementet, noko som også er opna for gjennom vilkår i løyvet.

Fylkesmannen skreiv i løyvet frå 2008 at «i framtida» reknar dei med at løpet ikkje blir større enn 1000-1200 deltagarar, men det auka til nærmere 2000 i 2014. Etter toppåret i 2014 har likevel totalt tal deltagarar gått nedover og har dei siste åra vore under 1000.

Forvaltar vurderer at det er positivt for terrengritasjen at løpet får eit noko mindre omfang enn det hadde i 2014 (§ 10), og vil også kunne revurderast av nasjonalparkstyret ila dispensasjonsperioden (§ 9). Då Jostedalsbreen nasjonalparkstyret gav løyve til motbakkeløpet for perioden 2014-2017, var styret av ei klår oppfatning at det ikkje skulle være eit tak på tal deltagarar i mosjonistklassen.

Området mellom Sjinglebrua og vatnet er den mest sårbare vegetasjonsona, og består mest av lyng-, gras- og mosevekstar. Når løparar har nådd toppen og skal ned att vil mange deltagarar møte kvarandre i nettopp dette utsette området, og det kan gje negativ påverknad (jf § 10) ved at mange stig ut av stien og tek snarvegar. I vilkåra skal neste års påmelding ikkje opne før SNO/forvaltar har vurdert påvirkinga på stien. Statens naturopsyn v/ Rune Holen har synfarte stien både før og etter løpet sommaren 2017. Det var godt vær og hans vurdering var at slitasjen på stien ikkje vart signifikant større etter løpet, samanlikna med før løpet. SNO var med på løpsdagen i 2019. Tilbakemeldinga frå SNO var at stien til Skåla toler Skåla Opp.